



## INTERNT NOTAT

**Notat til:** Utval for areal og samferdsel  
**Notat frå:** Lene Borgen Waage  
**Dato:** 09.04.2021  
**Arkivsak:** 2021/835-7868/2021-

### OPPFØLGING AV TRAFIKKSIKRINGSPLANEN 2020-24

#### Dokument i saka:

Trafikksikringsplan for Bømlo kommune 2020-2024

#### Bakgrunn for saka:

Trafikksikringsplanen 2020-23 vart vedteke i juni 2020. Trafikksikringsplanen inneheldt oversikt over ulykkesbiletet 2015-19, satsingsområde, økonomi, organisatoriske, haldningsskapande og fysiske tiltak. Planen inneheldt ikkje ein tidfesta handlingsdel, men ei rekkje tiltak på dei ulike områda som er prioritert i perioden. I tillegg får kommunen innspel frå innbyggjarar, næringsliv, politikarar og grendautval om trafikksikring.

Utval for areal og samferdsel vil i perioden få ei årleg meldingssak med status for arbeidet med trafikksikring.

#### Vurderingar:

##### Oppfølging av organisatoriske og haldningsskapande tiltak i trafikksikringsplanen

Bømlo kommune vart regodkjent som trafikksikker kommune i juni 2020. I trafikksikringsplanen er det gitt tiltak som skal følgjast opp i barnehagar, skular og kommunen knytt til innbyggjarane si helse og trivsel, kommunen som arbeidsgivar og kompetanseheving. Arbeidsmiljøutvalet får ei årleg sak som oppfølging av desse tiltaka, sist i mars 2021.

I vedleggsdelen av trafikksikringsplanen er det vist ulike trafikkantretta og haldningsskapande tiltak. I 2020 gjennomførte me Sykkelkids ved Svortland skule og reflekskampanje både knytt til refleksdagen 15. oktober og i desember («Pynt eit juletre med refleks – vi har ingen å miste»). Begge desse vart gjennomført med støtte frå Vestland fylke og private sponsorar. I 2021 har me søkt og fått midlar til to typar tiltak frå Vestland fylke: Sykkelkids med haldningsskapande tiltak på to barneskular og fartskampanje retta mot ungdom. Sykkelkids vil bli gjennomført på Meling og i Rubbestadneset. I Rubbestadneset blir det også eit opplegg for at elevane skal vera medvetne i samband med anleggsarbeidet som er i gang i Rubbestadneset i samarbeid med Veidekke. Den andre søknaden me fekk tildelt midlar til er ei fartskampanje der ungdomsrådet i samarbeid med vidaregåande skular og køyreskular skal lage ulike tiltak knytt til ei kampanjeveke om ungdom og fart til hausten.



# Bømlo kommune

Svortland krinslag har, saman med Leite aust vel, tatt initiativ til å setja ein fartsmålar med tavle som visar fart, på idrettsvegen på Leite. Kommunen ser positivt på dette og har dialog med initiativtakarane om plassering og praktiske tilhøve.

Me vidareformidlar også [trafikkplakatar frå Trygg trafikk](#)<sup>1</sup> via kommunens nettsider og sosiale media og vil gjennomføre prosjekt i tråd med tema som blir sett på dagsorden.

## Oppfølging av fysiske tiltak i trafikksikringsplanen

Trafikksikringsplanen 2020-23 inneheldt strakstiltak, langsiktige tiltak, veglys og ikkje-prioriterte tiltak. [På kommunen sine nettsider ligg oversikt over alle fysiske tiltak med oppdatert status](#)<sup>2</sup>.

Tiltaka blir følgde opp i ei tverrfagleg trafikksikringsgruppe med kommunalsjef samfunnsutvikling, teknisk drift, plan og rådgivar for folkehelse og frivilligheit. Me går då gjennom innspela gruppert etter kva grend dei høyrer til og vurderer kva trafikksikringsvurderingar og andre førebunde tiltak som er naudsynte for at prosjekta skal vera klare til oppstart. Mange større prosjekt krev reguleringsplan. I planarbeida vil trafikksikringsvurderingar bli integrert, slik at me kan søkja om midlar til og starte opp tiltak når planane er vedtekne.

I Bømlo har me 12 grendautval, som er paraplyorganisasjonar for lag og organisasjonar i dei ulike bygdene i Bømlo. Kommunen har dialog med grendautvala om prioritering av tiltak knytt til deira grend i trafikksikringsplanen 2020-24 og innspel fram mot neste rulling av planen.

Bømlo kommune har våren 2021 hatt møte med representantar frå Vestland fylke for å avklara arbeidsform og krav til trafikksikringsvurderingar for prosjekt på fylkesvegar i kommunen.

Våren 2021 fekk tre av fem fysiske tiltak me hadde sendt søknadar om midlar. Dette betyr at Bømlo samla har fått 1,35 mill av totalt 10,6 mill tildelte midlar i Vestland. Midlane me har fått tildelt dekkjer maksimalt 50 % av kostnadane, resten dekkjer me ved trafikktryggleiksfondet vårt i kommunen. Tiltaka som har fått midlar vil bli gjennomført hausten 2021-våren 2022:

- Sikring av kryssingspunkt - Øklandsvegen/Bjørkåsen Fv.5002/Kv.1077 (Tildeling frå Vestland fylke: 250 000)
- Fjellsikring og tiltak mot utvasking av veg Kv.1151 Børøyvegen (Tildeling frå Vestland fylke: 1 000 000)
- Gangsti i nytt kryssområde frå Myro mot Folderøy skule, KV1226 (Tildeling frå Vestland fylke: 100 000)

Vidare avventar me endeleg klarering frå fylket for oppstart for prosjekt ved Våge skule. Dette prosjektet fekk me tildelte midlar på i 2020 og det er inngått kontrakt med entreprenør.

## Ferdigstilte prosjekt i 2020/2021

I oversikta under viser me ferdigstilte prosjekt i 2020-21 frå trafikksikringsplanen 2020-24 (vedlegg 1). Sidetala det er vist til er sidetalet i trafikksikringsplanen, med nummeret er tiltaksnummeret som ein finn i kolonne 1 i tabellane.

<sup>1</sup> <https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/hms-plakater/>

<sup>2</sup> <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/veg-vatn-avlaup-og-avfall/trafikktryggleik/>



# Bømlo kommune

## Strakstiltak

- Nr.2 side 35: Etter synfaring med involverte partar er det merka ei droppsone ved Bygdatunet. Kommunen vil koordinere ei evaluering av tiltaket mot slutten av 2021, før endeleg løysing blir valt.
- Nr.7 side 35: Del av tiltaket, gatelys på eksisterande stolpe er montert
- Nr.24 side 37: Dette er eit kontinuerleg arbeid som ein i villastrøk må samarbeide med oppsitar om. Ikkje alltid det gjev ynska resultat (betre sikt)

## Tiltak utan prioritering

- Nr. 7 side 40: Møteplass med skilt er ferdig
- Nr.8 side 40: Møteplassar (3) fram til Skålevika er ferdig

## Veglys

- Nr.6 side 41 er montert
- Nr.14 side 41 er montert 2 stk
- Nr. 15 side 41 er bestilt
- Nr.17 side 41, lys ved busstopp er montert
- Nr.18 side 41 nye lys vart montert i fjor, også ned til Vorlandsvågen
- Nr.20 side 41 Nye lys vart montert Vornesvegen/Selvåg, Gullvegen, Gåslandsvegen, Klovøybrua, Sæverudsvegen, div.veglys ved busstopp Brandasund, Goddebrua,
- Stokkabekkevgen (6 stk), Ved Espira Våge skule og ved taxihaldeplass Våge skule

## Innkome innspele som ikkje er del av trafikksikringsplanen 2020-24

Bømlo kommune får jamleg innspele frå innbyggjarar, grendautval, politikarar og tilsette om behov for trafikksikringstiltak som ikkje er del av trafikksikringsplanen 2020-24.

Utgangspunktet for prioritering av tiltak i 2020-24 er dei vedtekte tiltaka i planen. Nye innmeldte tiltak med svært lave kostnader eller tiltak som bør samkøyrast med andre tiltak kan gjennomførast også i planperioden, medan større tiltak må spelast inn i samband med neste revisjon av trafikksikringsplanen. I oversikt over tiltak som trafikksikringsgruppa legg til grunn for sitt arbeid blir alle innspele lagt inn, samt at dei blir arkiverte i eigen sak.

## FN sine berekraftsmål:



## Økonomiske konsekvensar:

Tiltak frå trafikksikringsplanen blir dels finansiert av midlar frå Bømlo kommune og dels gjennom omsøkte midlar. Bømlo kommune har 6 673 000 til disposisjon for investeringar innan trafikksikring, i tillegg til bundne fondsmidlar på kr 449 000 og ein eigen post på kr 400 000 til veglys. For fysiske tiltak kan me søkja om midlar til å dekkje inntil 50 % og inntil 1 million kroner frå Vestland fylke for fysiske tiltak. Som tidlegare omtala har me i 2021 fått 1,35 millionar til fysiske tiltak. Trafikksikringsaktivitetar lysast ut frå fylket to gongar i året. I 2021 har me fått 70 000,- i første tildelingsrunde.



# Bømlo kommune

Ein del av tiltaka har relativt lav kostnad og blir gjennomført når dette er formålstenleg av teknisk drift i kommunen. Me ser også tiltaka i samband med andre prosessar, for å gjennomføra tiltaka på ein så kostnadseffektiv måte som mogleg. For større prosjekt vil det vera naudsynt med eigne tildelingar. I samband med kommunedelplan for kommunale vegar vil trafikksikring vera del av prioriteringsgrunnlaget.

## **Miljømessige konsekvensar:**

Miljømessige konsekvensar blir vurdert i gjennomføringa av einstilte trafikksikringstiltak.

## **Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Det systematiske arbeidet med trafikksikring er viktig for å forebygge skadar og ulykker i trafikken.

## **Folkehelse:**

Trafikksikringsarbeidet har både direkte konsekvens for folkehelsa gjennom færre skadar og ulykker og indirekte gjennom at trafikksikringstiltak gjer det enklare for skulebarn å gå til skulen og innbyggjarane å vera aktive.

## **Oppsummering og konklusjon:**

Trafikksikringsplanen inneheldt svært mange tiltak. Tiltaka varierer frå å vera mindre tiltak som kan gjennomførast som del av drifta i kommunen til store tiltak som krev konkurranse og kjøp av tenester frå entreprenørar. Innleiingsvis i planperioden er det lagt vekt på å få ei god oversikt over tiltaka i planen og dialog med mellom anna grendautvala for forventningsavklaring og for å lage gode grunnlag for å avgjera kva tiltak som kan og skal gjennomførast.

Kommunedirektøren vil peike på behovet for å sjå trafikksikringsarbeidet i samanheng med vidare utvikling for Bømlopakke I og II og kommunedelplan for kommunale vegar (jf planstrategien er denne planlagt ferdigstilt i 2024). I tillegg legg kommunen vekt på å gjennomføre tiltak i samband med andre store arbeid, til dømes arbeid i regi av BVA. For private reguleringsplanar meiner kommunedirektøren det viktig å gjera gode vurderingar av konsekvensar og behov for tiltak knytt til trafikksikring tidleg i planprosessen, med avklaring av ansvarsdeling for kostnader mellom kommunen og private. Oppstartsmøte og fyrste handsaming av søknadar er sentrale for å lukkast med dette.

Utval for areal og samferdsel vil få ny sak om arbeidet med trafikksikring når dialog med grendautval er gjennomført.